


Informasjonsskriv til foresatte til barn i barnehager

Vedrørende søknad om barnehageplass frå og med hovudopptaket 2019

Frå og med barnehageopptaket 2019 (hovudopptak) vil søknad om barnehageplass i Vågå kommune bli gjort via Visma Flyt Barnehage sin føresattportal. Dette gjeld enten du søker plass til kommunale eller private barnehagar. Det gjeld og om du søker for fyrste gong, du søker endring av plasstype eller om du søker overføring til annan barnehage. Dette informasjonsskrivet vil gje deg informasjon om korleis du logger deg på føresettportalen, ogkorleis du i portalen legg inn søknad om barnehageplass.

På Vågå kommune si nettside vil det liggje ei lenke

<https://barnehage.visma.no/vaga.kommune.no> direkte til Visma Flyt Barnehage sin føresettportal. Ved å klikke på denne lenka, kjem du til innloggingssida i føresettportalen. Du logger deg inn med elektronisk ID via ID-porten.



I føresettportalen kan du velje enten bokmål, nynorsk eller engelsk som språk.

Søknad om barnehageplass består av følgjande steg, der føresette må leggje inn informasjon:

- Opplysingar om barnet
 - a. Fødselsnummer
 - b. Namn
- 1. Kontaktopplysninger om føresette
 - c. Relasjon til barnet
 - d. Mobiltelefonnummer
 - e. E-postadresse
 - f. Legg evt. til medsøkar
- 2. Velg barnehage
 - g. Ønskt oppstartsdato
 - h. Barnehager i prioritert rekkefølge
 - i. Plasstype
- 3. Andre opplysingar
 - j. Morsmål
 - k. Opptakskriterier barnet oppfyller
 - l. Dokumentasjon for kriterier om dette blir krevd
 - m. Andre relevante opplysingar
- 4. Kontrollskjema
 - n. Kontroll av opplysingar i søknad
 - o. Innsending av søknad

Søknaden sendast elektronisk, direkte fra føresettportalen, til Visma Flyt Barnehage si administrasjonsløyising for kommunens opptaksmyndigheit. Når søknaden er sendt, vil du motta ei bekrefting på den e-postadressa du har oppgjevei søknaden.

Dersom du har behov for hjelp til å fylle ut søknad i føresattportalen, kan du henvende deg til mona.sveen@vaga.kommune.no, 61293624.

Lykke til!